



DET KONGELEGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Fylkeshuset, Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Dykkar ref
15/8734-3

Vår ref
15/5250-6

Dato
25.05.2016

Svar på spørsmål om ferjeavløysingsordninga - Atløysambandet

Vi viser til brevet dykkar av 18. november 2015 til Samferdselsdepartementet (SD) og Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD), og e-post av 18. mai 2016 til KMD, med spørsmål om korleis ferjeavløysingsordninga vil verke for eit eventuelt ferjeavløysingsprosjekt for Atløysambandet. Fastlandssambandet til Atløy vil korte inn på ferjesambandet Askvoll – Gjervik/Fure/Værlandet, men ikkje avløyse det heilt.

I brevet ber de om å få avklart om Atløysambandet blir rekna som eit prosjekt i ferjeavløysingsordninga, og om det vil bli overført midlar til særskilt fordeling for eit eventuelt ferjeavløysingsprosjekt her. I e-posten viser de til retningslinjene for ferjeavløysingsordninga som blei publiserte i kommuneproposisjonen for 2017, og tolkar dei slik at Atløysambandet ikkje vil komme inn under ordninga. De ber om ei stadfesting av at dette er riktig tolking.

Utrekning av ferjeavløysingsmidlar

Ferjeavløysingsmidlane blir berekna på bakgrunn av tap innanfor inntektssystemet når eit ferjesamband blir avløyst av ei bru eller ein tunnel, jf. punkt 5.1 i retningslinjene. Tapet blir berekna ved å sjå på effekten av å endre kriteriedata i utgiftsutjamninga i inntektssystemet. Det berekna beløpet blir justert for endringar i drifts- og vedlikehaldsbehovet til fylkesveg i utgiftsutjamninga, sidan ei bru eller ein tunnel fører til ein auke i kompensasjonen i inntektssystemet for drifts- og vedlikehaldsutgifter til vegar (jf. punkt 5.2).

Innkorting av ferjesamband og ferjeavløysingsordninga

Ifølgje retningslinjene punkt 3.2 gjeld ferjeavløysingsordninga ikkje for vegprosjekt som kortar inn på eit ferjesamband utan å avløyse det heilt. Slik delkostnadsnøkkelen for båt og

ferje er utforma per i dag, vil ein fylkeskommune ikkje ha noko tap i inntektssystemet når eit ferjesamband blir korta inn. Dermed vil innkorting av eit ferjesamband heller ikkje utløyse ferjeavløysingsmidlar per i dag.

Ifølgje punkt 2.1 i retningslinjene er det SD som avgjer kva prosjekt som skal omfattast av ferjeavløysingsordninga. KMD har kontakta SD om denne saka, og SD stadfestar at Atløysambandet, slik retningslinjene er utforma per i dag, ikkje vil komme inn under ordninga sidan vegprosjektet kortar inn på eit ferjesamband utan å avløyse det heilt.

Ferjeavløysingsmidlar gjennom kriteriedata

Sogn og Fjordane fylkeskommune vil med dagens kostnadsnøkkel likevel få ei form for ferjeavløysingsmidlar for Atløysambandet gjennom kriteriedata i inntektssystemet, sidan fylkeskommunen framleis vil få det same for sambandet gjennom utgiftsutjamninga. I tillegg vil fylkeskommunen få kompensasjon for auka utgifter til drift og vedlikehald på vegnettet, sidan ei bru eller ein tunnel og lengre vegnett vil føre til auka tilskot gjennom vegnøkkelen i inntektssystemet. For prosjekt som blir inkludert i ferjeavløysingsordninga, vil desse utgiftene bli trekte frå når ferjeavløysingsmidlane skal reknast ut.

Dette inneber at fylkeskommunen kan komme betre ut ved å ikkje vere omfatta av ferjeavløysingsordninga: fylkeskommunen får behalde dagens tilskot til ferjesambandet gjennom utgiftsutjamninga, sjølv om sambandet blir kortare. I tillegg vil fylkeskommunen få auka tilskot gjennom vegnøkkelen, sidan behovet for drift og vedlikehald av vegnettet vil auke.

Som det går fram av kommuneproposisjonen, vil SD og KMD vurdere korleis innkorting av ferjesamband skal handterast i ferjeavløysingsordninga når kriteriet for ferjer i inntektssystemet eventuelt blir endra.

Med helsing

Grete Lilleschulstad (e.f.)
underdirektør

Lars Tore Rydland
seniorrådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur

Kopi:
Samferdselsdepartementet